



## Notat

Dato: 02.11.2016  
Arkivsak: 2014/560-264  
Saksbehandlar: ingtakl

---

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Ungdommens fylkesutval

---

### **Uttale får Ungdommens fylkesutval angåande fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017**

Ungdommens fylkesutval (UFU) legg merke til at det berre vert sett av kroner 280.000. UFU ynskjer å auke det frå 280.000 kroner til 320.000 kroner, grunna at ungdomssatsing i fylket er særskilt viktig. Vi har no auka deltagare på Nettverkssamlinga frå to til tre personer noe som vil medføre ekstra utgifter. Samanlikna med andre tilsvarande medverknadsorgan har Ungdommens fylkesting i Hordaland eit budsjett som ligg under gjennomsnittet. Me ynskje også å sterke sambandet mellom dei vestlege fylkeskommunale medverkingsorgana for ungdom, difor trong me også ein større pott en det me har fått tildelt.

#### **Opplæring og helse**

Ungdommens fylkesting (UFT) ynskjer at det skal gis fleire midlar til OT og PPT tenesta og vi ser at det ikkje har vore ein endring i budsjettet her. Vi vil gjerne auke denne budsjettposten. Desse midlane meiner vi bør øyremerkas til førebyggande tiltak.

UFT har den erfaring at OT- og PPT tenesta fungerer bra og er et positivt tiltak for å styrke elevene sin psykiske helse. UFU meiner at økt tilstedeværing av skolepsykologar og miljøterapeutar vil føre til en større normalisering rundt temaet om psykisk helse, noe som er en viktig faktor for at elevene skal kunne lettare oppsøke skole helsetenesta og skolepsykologar. Slike tilbod skal være lavterskelttilbod slik at fleire kan nytte seg av dette tilboden og at tenestene skal opplevast som lett tilgjengelig. Årlige samfunnuskostnader for psykiske lidningar er større enn for noen annen helsegruppe, der depresjon, angst og alkoholisme står for mesteparten av den økonomiske byrden. Desse formene for psykisk liding kan verte unngått med godt nok førebyggande arbeid. Dette er derfor det er så viktig at midla som gis øyremerkast til førebyggande tiltak.

UFT ynskjer at det skal gis fleire midlar til rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen. Me ynskjer at talet rådgjevarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektera talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Me meiner og at uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFT ynskjer dette fordi vi ungdommen har erfart at rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen er for svakt per dags dato.

#### **Kultur, idrett og regional utvikling**

UFY ynskjer at det skal bli sett av midlar til oppretting av ein kulturapp for ungdom. Ungdom i fylket får ikkje fullt utbytte av kulturtildoda i fylket av den grunn at få unge veit kva for tilbod som finnes. Vi meiner at løysninga er ein kulturapp som gjer det lettare for ungdom å få informasjon om kva for kulturtildod som

finnes i fylket. Digitalisering er nødvendig for å nå ut til ungdom, og på best mogleg måte fremme de ulike kulturtilboda.

## **Miljø og samferdsle**

### *Sonestrukturen*

Vi har i dag ein sonestruktur beståande av 370 soner. Å ha så mange soner bidrar ikkje til et attraktivt kollektivtilbod i fylket.

UFT meiner at:

Ein burde gå vekk frå de 370 sonene vi i dag har og heller forholda oss til 7 soner.

Dette vil gjøre det meir attraktivt for reisande i distrikta. I tillegg vil man da kunne utarbeide en skyss app som man kan nytte seg av i hele fylket. Dette vil føre til et meir effektivt busstilbod som igjen vil føre til et meir attraktivt kollektivtilbod i distrikta.

### *Fylkeskommunale bygg*

Norge har forplikta seg til Paris avtalen og er på bakgrunn av dette forplikta til å bidra til å holde seg innanfor 2 graders målet.

UFT meiner derfor at:

Fylkeskommunen burde gå frem som et godt eksempel ved å innføre fleire elbil-ladestasjoner ved fylkeskommunale bygg.

UFT meiner at:

Man i budsjettet for 2017 burde legge stor vekt på at fylkeskommunen skal få fleire busser som er drevet på biodiesel og elektrisitet.

### *Ungdomskortet til Skyss*

Ungdomskortet til Skyss også burde gjelde under busstider med nattakst. Vi ønsker at unge og studentar som ferdast på nattestid skal vel kollektivt. Vi ønskjer derfor at det settast av pengar i budsjettet til å fjerne nattaksten for dei som har ungdomskort.

### *Skyss sine betalingsløysningar*

Skyss sine betalingsløysningar burde bli effektivisert. Vi ønsker derfor at det skal settas av pengar til en ny betalingsløysning kor ein kan nytte seg av tenester som "Vipps" og "Mobilepay".

Det er viktig at ein følgjer opp strategien for innfartsparkering. Med særleg tanke på distrikta.

Vegard Tobias Kvalheim kleppe  
leiar  
Ungdommens fylkesutval